

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/162

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
018/2018	Formannskapet	PS	24.05.2018

## Orienteringssaker

### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 018/2018

#### **FOR - behandling:**

Rådmannen orienterte om status for prosjektet om oppretting av Nordhordland brann og redning, som er ei utviding av dagens brannsamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen. I tillegg til desse tre kommunane er Radøy og Austrheim tenkt inn i det nye samarbeidet. Det vil og vere opning for at andre kommunar kan kople seg på dersom dei ynskjer. Prosjektet vil utarbeide forslag til ny brannording for regionen sett opp mot gjeldane lov og forskrift, ny dimensjoningsforskrift, oppdatert risikobilete for heile regionen. Gruppa vil legge fram si innstilling før sommaren 2018, og saka vil så gå til dei einskilde kommunane for politisk handsaming. Målsetjinga er at Nordhordland brann og redning skal vere i drift frå 1.1. 2019. Saksutgreiinga som skal til politisk handsaming var ikkje klar til formannskapsmøtet, men formannskapet slutta seg til at saka kan sendast rett til kommunestyret 14. juni.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål om negativ tilbakemelding frå nokre av båtturistane som var i Modalen i pinsehelga. Kritikken gjekk mellom anna på manglende straumkapasitet, dyr hamneleige, fulle bosskontainrarar og skitne toalett. Assisterande rådmann Ove Sæbø kommenterte at kommunen og har fått denne tilbakemeldinga, og at vedkommande vil få eit svar snarast. Formannskapet bed administrasjonen prioritere å setje i gang arbeidet med å auke straumkapasiteten på bryggja, samt vurdere om flytebryggja bør utvidast. Formannskapet bed og om at avtalane om kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er Mobryggja sitt ansvar vert gjennomgått og avklart.

Kristin Nåmdal stilte spørsmål til ordførar om status på saka om mogleg turvei til Helland. Ordførar

svara at grunneigarane munnleg har meldt tilbake at dei i utgangspunktet ikkje er interessert i dette, med bakgrunn i at dei er usikker på kva konsekvensar ein turveg vil få for dei. Dei er usikre på om turvegen vil leggje begrensningar på deira bruk av områda, til dømes i høve uthenting av tømmer, og kven som skal ha ansvar for vedlikehald av turvegen. Formannskapet bed ordførar om å undersøke saka vidare og sende ei skriftleg henvending til grunneigarane for å sjå om ein kan komme fram til løysingar som er gode for alle partar, og som kan vere økonomisk mogleg for kommunen å gå inn i. Linda Neset stilte spørsmål ved om det er mogleg å finne andre alternative turløyper enn den til Helland, som i tillegg kan vere lettare og billigare å realisere. Assisterande rådmann Ove Sæbø svara at dette spørsmålet er naturleg å knytte til arbeidet med kulturplanen som no er i gang.

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering